

MOTKULTUR FAGLIG SNAKKA

Må allemannsretten døy?

Eg trudde lenge forholdet mellom det utmarksbaserte reiselivet og beitebruken skulle gå seg til – at me skulle finne ein måte å leve saman på. Så svann trua.



Bjørn Egil Flø
bygdesosiolog på NIBIO

Reindrifutøvarane har hatt problem med oss lenge. Dei har sagt at dyra vert stressa, særleg på vintrane og i kalvingsperioden på vårane, då me har ski på beina og held litt større fart og har lengre rekkevidde.

I DET siste har miljøekspertane også gitt indirekte støtte til reindrifutøvarane. Ferdsele utset reinen, i alle fall villreinen, for uro, seier dei. Og sjølv DNT må stenge ein sti eller to då – kanskje også ei hytte.

MEN OGSÅ i dei lågare beiteområda, ved innfallsportane, er utfordringane store. Der parkerer me SUV'ane våre, så langt inn i seterdalane me kan kome.

I DEI sørvende liene breier me oss ut med andreheimane våre på rekke og rad, og saman trakar me oss firefelts-stiar inn i fjellet.

FOR ME er slik laga – særleg me som les artiklar med allemannsretten i tittelen. Me er sosialliberale individualistar i frie og fleksible middelklassestillingar – slike som kan ta fri når me vil, men som likevel gjer det same som alle våre like og til same tid.

I KVAR feriar og langhelg reiser me ut av universitetsbyane våre – byane som me alle flytta til då me starta bygge våre tilpassa liv – og no invaderer me fjellområda åt dei som vart igjen.

MEN DET var ikkje slik dei tenkte, dei som teikna ned prinsippet om allemannsrettane i landsdelslovene. Dei tenkte at folk trong funksjonelle reglar som sikra sameksistens folk imellom.

REGLAR SOM sikra rett til ferdsele – naudsynt beite for krøter og hest langs drifteveggar og sleper, nattely, fyringsved og trevirke til reparasjon av slede og



Turistar skremmer sau, skriv Bjørn Egil Flø.

FOTO: YNGVE REKDAL

båt. Allemannsretten var dåtidens pit-stop, det var ladestasjonane og pølsa klokka kvart på to om natta på Dombås.

DET GJEKK greitt lenge. Det gjekk greitt så lenge dei farande fylte viktige funksjonar. Det gjekk også greitt då dei fyrste nyttelause starta vandre kring om i fjellet i beste vinnene.

DEI VAR britiske lordar, nasjonalskaldar og målarar på kunstnarstipend som leita etter det norske. Dei la att nokre skilling for ei seng og litt smør. Og dei let at grinda då dei gjekk.

MEN DÅ friluftsløva kodifiserte allemannsretts prinsippet – då friluftsløva gjorde sedvane skriftleg i lov – vart den ein reiskap for fremjing av eit friluftsliv som vaks ut av seg sjølv. Og no er alt endra.

STØRSTEDELEN AV oss er fråkopla det utmarksomgrepet refererer til. For utmark er tett kopla til jordbruket og som omgrep er den definert av innmarka. Utmarka er marka utanfor gjerdet, det er den marka som ikkje er sådd, men einast slått eller beita.

MEN FÅ tenkjer på utmarka som

jordbrukets landskap i dag. Ofte seier me natur. Som om det er der – utanfor gjerdet – at naturen er. Som om rogn på åkerholmen få meter innom gjerdet ikkje er naturleg, som om jordlivet under tuva på kulturbeitet ikkje er natur.

ANDRE SEIER også villmark, som om me var kolonialistiske herrefolk stranda på eit nytt kontinent. Og kanskje er me det, for som koloniherrar flest så krev me våre rettar. Me kjøper oss privileger i utmarka til spottpris og ber fram våre meiningar om bruk og forvaltning, ikledd maktas språk.

KVAR SUMAR taper beitebrukarane kampen om utmarka. Kvar sumar tvinnar sau seg inn i gjerde sett opp av folk med trenear.

KNAPT TAMDE rovdyr, omtala som kjæledyr, skremmer mor frå nyfostra lam. Og bonden finn mora att i ei myr, sprengd til døde.

DEI SAME folka insiterer på å gå igjennom ein flokk ammekyr, mellom mor og kalv, med selkapshundane sine. Dei risikerer ikkje einast eige liv, men held også beitebrukaren søvn-

laus i frykt for at bølingen skal kveste idiotane.

EG TRUDDE lenge forholdet mellom det utmarksbaserte reiselivet og beitebruken skulle gå seg til – at me skulle finne ein måte å leve saman på. Så svann vona.



Den lovfesta allemannsretten i kombinasjon med det jamt meir kommersialiserte friluftslivet har sett det eldgamle og særnorske bruksrettsinstituttet – beiteretten – på side-linja.

EG LAS teoriar frå heile verda og særleg las eg Elinor Ostrom. Ho skreiv så løfterikt om allmenningen og menneskjes evne til å etablere reglar for å leve saman. Det gav meg von.

MEN GRADVIS svann vona. Etter å ha snakka med ei lang rekkje beite- og friluftsbukarar

i heile landet set eg att med tanken; anten døyr beitebruken i utmarka, eller så lyt det allemannsretts baserte friluftslivet døy, med mindre me tek grep.

EITT SLIKT grep vil vere å lage betre planar. I dag teiknar me inn alt frå sykkelstiar til hyttefelt på kartet, me skisserer opp gondolbaner og det som verre er, i von om at det skal lokke fleire til å legge turen innom ei bortgøymd grend.

INGEN TRENG spørje beitebrukarane, dei treng ikkje lese korke beiteplanane eller beitekart når dei teiknar inn strekane sine. Imens spring kommunedirektørar på møter med utbyggjarar som lovar gull for grøne skogar.

DEN LOVFESTA allemannsretten i kombinasjon med det jamt meir kommersialiserte friluftslivet har sett det eldgamle og særnorske bruksrettsinstituttet – beiteretten – på sidelinja.

SKAL ME rette opp att tilhøvet mellom friluftslivet og beitebruken, lyt me styrke utmarksbeitets plass i planprosessen. Men før det kan kommunane starte med å lage forskrifter der plagene er verst.